

**U 38-12 Høyring - NOU 2012:2 Utenfor og innenfor  
Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 26.03.2012**

**Møre og Romsdal fylkeskommune gjev denne uttalen i høyringa på NOU 2012:2,  
Utenfor og innenfor:**

Møre og Romsdal fylkeskommune ser positivt på at det er lagt fram ei omfattande forskingsbasert utgreiing om tilhøvet mellom Norge og EU/EØS. Utgreiinga er grundig og dekkande for eit svært omfattande saksfelt. Ho vil bidra til å dekke behovet for kunnskap om kor mangfaldig vår tilknytning til EU er gjennom EØS-avtalen og andre avtalar, og det er von om at ho vil bidra til å styrke den diskusjonen om norsk Europapolitikk som utvalet etterlyser.

Møre og Romsdal fylkeskommune er samd i at nasjonale, regionale og lokale styresmakter må søkje å få avklaring på kva handlingsrom ein står att med i ulike sektorar etter EØS-avtalen. I den grad norske lovar og reglar er fastsett og håndheva strengare enn EØS-retten tilseier (til dømes i reglane om anskaffing), må det vere godt grunngeve. Møre og Romsdal fylkeskommune er samd i merknadene frå KS der dei er kritiske til overimplementeringa av innkjøpsreglane. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar framlegget til utvalet om ein gjennomgang av dette feltet.

Møre og Romsdal fylkeskommune vil i fylkestinget i juni handsame ei sak om styrking av det internasjonale engasjementet til fylkeskommunen. Utgreiinga og tilrådinga til utvalet vil vere ein viktig premiss i dette arbeidet. Møre og Romsdal merkar seg at utvalet meiner at deltaking frå fylkeskommunane i paraplyorganisasjonar som CPMR og Nordsjøkommisjonen gir viktige kanalar for medverknad i politikkkutforminga i EU.